

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-011
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 20.08.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/21	Valstyret	02.09.2021

Godtgjersle for røystestyra og valmedarbeidarar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Godtgjersle til røystestyra/valmedarbeidarar ved stortingsvalet 2021:
- Leiar røystestyre kr. 5 000,-
- Nestleiar og medlem av røystestyret kr. 4 800,-
- Valmedarbeidar kr. 4 000,-
- Det vert i tillegg utbetalt timegodtgjersle for kurs/opplæring i samband med valet på kr. 300,-

Valstyret 02.09.2021:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedekte.

VAL- 017/21 Vedtak:

- Godtgjersle til røystestyra/valmedarbeidarar ved stortingsvalet 2021:
- Leiar røystestyre kr. 5 000,-
- Nestleiar og medlem av røystestyret kr. 4 800,-
- Valmedarbeidar kr. 4 000,-
- Det vert i tillegg utbetalt timegodtgjersle for kurs/opplæring i samband med valet på kr. 300,-

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i valstyret

Bakgrunn

Det er ikkje gjort endringar i krinsane frå 2019. Det er 21 røystekrinsar i Alver kommune. Det skal vera eit vallokale i kvar krins, men ved evt.lokale smitteutbrot kan ein bruka fleire lokale. Valet skal gjennomførast med elektronisk manntal på valdagen og skanning av røystesetlane.

Kvart røystelokale må ha min.3 medlemsleiarar i røystestyret + valmedarbeidarar. Det vil vera mellom 150 og 200 valmedarbeidarar på valdagen i vallokala.

Alle lokala har ope frå kl. 12:00 – 20:00. Valmedarbeidarane skal og «rigge» til i lokala før dei opnar, i tillegg skal dei telja røstestelane og føra møteprotokoll. Det vert ein del ekstraarbeid med å følgja opp smittevernreglane (reinhold, kø, avstand mm).

I 2019 var godtgjersla slik:

- Leiar i røystestyra kr. 2500,-
- Nestleiar, medlem og møtande varamedlem kr. 2000,-

- Valmedarbeidar i vallokala kr. 2000,-
- Det vert i tillegg utbetalt timegodtgjersle for kurs/opplæring i samband med valet på kr. 300,-

Etter samanlikning med andre kommuner er dette ein lav sats.

Bergen kommune:

Valgstyret behandlet saken i møtet 27.04.2021 sak 15/21 og fattet følgende vedtak:

1. Honorar for valgmedarbeidere under valgtinget ved stortings- og sametingsvalget 2021 videreføres som i 2019:

a. Stemmestyrets medlemmer kr. 5.800

b. IKT-medarbeidere kr. 4.600

c. Valgmedarbeidere kr. 4.300

d. Reserver til valgtingslokalene får et honorar på kr. 750 som inkluderer gjennomføring av opplæring

Bærum kommune

Leiar røystestyre kr. 5 800,-

Nestleiar røystestyret kr. 5 200,-

Medlem røystestyret kr. 4 700,-

Valmedarbeidar kr. 3 900,-

Begge desse kommunane opnar vallokala kl 9, Alver kommune opnar kl. 12

Det er ikkje lagt inn godtgjersle til dei som er reserve, dette grunna at alle er kommunalt tilsette.